



FARSUND KOMMUNE

Arkivsaknr:	2004/694
Arkivkode:	00
Saksbehandler:	Jan Fredrik Sundt

Saksgang
Landbruksutvalget

Saksnr
04/24

Møtedato
10.03.2004

Uttale til forslag om ny Lov om skogbruk

Administrasjonen si forslag til vedtak:

Farsund kommune, Utvalget for Landbruk, må seie seg godt nøgd med forslaget til ny skogbrukslov, men har fylgjande merknader:

- Det er lagt mykje vekt på miljøansvaret til utøverane, som er positivt, men mindre fokus på skogbruket som næring. Det virker som næringsaspektet er tona ned, noke ein vurderar som negativt for Farsund kommune, som ein kystkommune med mange små skogeigedommar med generelt svært gode veksttilhøve.
- Ein saknar ein klar rettleiing for handsaming av ungskog og hogst/tytning i denne, og ein vil oppfordre til at det kjem forskrift som klargjer ungskogen sin rolle i eit langsiktig skogbruk.

Behandling i Landbruksutvalget - 10.03.2004:

Enstemmig vedtatt.

Saksdokumenter:

Journalposter

1 | Forslag til ny lov om skogbruk - høring

Landbruksdepartementet

Vedlegg:

Vedlegg 1 Forslag til ny Lov om skogbruk, av 10.12.03. For heile lovforslaget:

<http://odin.dep.no/ld/norsk/aktuelt/hoeringssaker/index-b-n-a.html>

Saksutredning:

Landbruksdepartementet har i brev av 4. desember, 2003, kome med forslag om ny Lov om skogbruk til høyring, med uttalefrist 15. mars i år. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965.

Med sitt forslag vil Departementet modernisere lova etter dei tilhøve og krav ein set i dag, m.o.t. skogfaglege tilhøve, miljøkrav, administrativ tilpassing, juridisk funksjon og den generelle samfunnsutviklinga. Forslaget er ei grov forenkling av gjeldande lov (Frå 56 til 21 §§) og gjev dei ytre rammer for skognæringa si verksemd i skogen. Departementet legg opp til å fylgje opp lova med sentrale forskrifter for fleire område innafor dei rammer lova set.

Forslaget har ein klar miljøprofil, men fører vidare grensedraginga mellom skoglova, ein næringslov, og naturvernlovgjevinga. Forslaget tek føre seg dei lange perspektiva skogbruket jobber etter, både m.o.t. verdiskaping og miljøansvar.

Avhengig av nye sentrale forskrifter, vil forslaget gjere det mogleg for lokale styringsmakter å følgje opp regelverket, m.a. ved at forvaltningsansvaret vert klart plassert hjå skogeigaren. For Farsund kommune sin del er dette punktet sentralt siden skogene har mange eigare og svært få er i dag økonomisk avhengig av utkom frå skogen sin, samstundes med at forvaltarrolla er minst like viktig som i sentrale skogstrok.

Vurdering:

Den einskilde forskrift:

I § 3 vert dei ulik nivå for skogbruksstyresmakta avklart greit. Ein er positiv til avklaringa i 3. avsnitt der Fylkesmannen vert styresmakta for skog som kommunen eig, avdi ein pr. i dag har vore usikker på samanblandinga av forvaltar- og styresmakt-rolla for dei kommunalt eigde skogar.

Forslaget er ei forenkling av gjeldande lov og plasserer ansvaret klart mellom grunneigar og styresmakter. Skogeigar sitt forvaltaransvar i § 4 syner kva plikter eigaren har og heng saman med § 5 om registrering og skogbruksplanar, som er verktuget for forvaltningsoppgåva.

I § 6 får skogeigar ein plikt til å syte for tilfredsstillande forynging av skog etter hogst. Dette er svært positivt, siden ein i dag registrerer låg interesse for tilrettelegging for ny skog (markarbeiding/planting og unskogpleie). Ein vil oppfordre Departementet til å syte for at unskogpleie vert fulgt opp på same måte i forskrift.

Paragrafen om veibygging i skog (§ 7) er uklar m.o.t. næringsøkonomiske krav og lønnsemd i tiltaket. Med det innhugg ein skogsveg gjer i naturen vil ein vurdere eit slikt krav som eit vesentleg argument i sakshandsaminga til kommunen.

Om hogst i § 8 sakner ein "unskogparagrafen" i gjeldande lov (§ 16. Avvirkning og måling). Med dei raske endringer samfunnet gjer er dette noke skogbruksstyresmaktene lyt halde kontroll med og då er det ein støtte om lova klart kan seie rådgjerde for handsaming av yngre tilfredsstillande skog.

Ein vonar at å flytte føresegner om omdisponering av skogmark til andre føremål til Jordlova, vil vere ein styrke skogen sin stilling (vedlegg 2, siste avsnitt).

Ein har ingen merknadar til dei andre paragrafane.